

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/11812-4

## **Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 - prosjektplan overordna analyse**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan for utarbeiding av overordna analyse slik den ligg føre.

#### Vedlegg:

- Plan for forvaltningsrevisjon - Prosjektplan – overordna analyse 2016 - 2020

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Plan for forvaltningsrevisjon skal baserast på ein overordna analyse av fylkeskommunen si verksemd ut frå risiko- og vesentlegvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike områda i fylkeskommunen.

Den overordna analysen kan utarbeidast på mange måtar. I forskrift for kontrollutval § 10 står det følgjande om plan for forvaltningsrevisjon og den overordna analysen:

*Kontrollutvalget skal minst en gang i løpet av valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerere til kontrollutvalget å foreta endringer i perioden.*

*Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunen eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.*

Føresegna fastset at det er kontrollutvalet som har ansvaret for at det vert utarbeidd ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Andre ledd inneheld krav om overordna analyse.

Føremålet med analysen er å få fram relevant informasjon om fylkeskommunen si verksemd, slik at det vert mogeleg å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Det er opp til kontrollutvalet å avgjere kor detaljert ein ønskjer den overordna analysen.

Retningslinjer for innhald og gjennomføring av forvaltningsrevisjonar er omhandla i forskrift om

revisjon i kommunar og fylkeskommunar kapittel 3.

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 50/15 å bestille overordna analyse.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein plan for forvaltningsrevisjon som gjeld ut 2016, eller til ny plan er vedteken av fylkestinget.

Ny plan for forvaltningsrevisjon skal vere utarbeidd av kontrollutvalet og handsamast av fylkestinget innan utgangen av 2016. For å unngå dårleg tid med dette viktige arbeidet foreslo sekretariatet å bestille overordna analyse på møtet 24. november 2015. Følgjande framdriftsplan vart føreslege:

- Bestilling av overordna analyse av Deloitte AS på møte 24. november 2015. Leveringsfrist for analysen vert sett til 30. juni 2016.
- Kontrollutvalet handsamar overordna analyse i løpet av august.
- Kontrollutvalet handsamer Plan for forvaltningsrevisjon basert på sak frå sekretariatet i løpet av september 2016.
- Fylkestinget får plan for forvaltningsrevisjon til handsaming 18. oktober 2016.

### **Overordna analyse**

Det er i forskrifta sagt lite om korleis den overordna analysen skal utførast. Dette er i stor grad opp til kontrollutvalet å avgjere.

Den overordna analysen skal peike på aktuelle område for forvaltningsrevisjon basert på ein risikoanalyse. Desse områda skal kontrollutvalet rangere i høve vesentlegvurderingar før plan for forvaltningsrevisjon vert utarbeidd.

Prosjektplanen inneheld innleiingsvis ein kort orientering om plan for forvaltningsrevisjon. Prosjektplanen inneheld vidare eit kapittel om overordna analyse der overordna analyse vert definert og der vi får ein gjennomgang av metoden for å utarbeide analysen. Til slutt er det ei oversikt over tid og ressursbruk.

Det er i utarbeidinga teke omsyn til at utarbeiding av analysen skal vere eit samarbeidsprosjekt mellom Deloitte og kontrollsjefen (sjå KU-sak 50/15). Det er teke høgde for dette i prosjektplanen, med ei fordeling der Deloitte står for i overkant av 70% av prosjektet og kontrollsjefen dei resterande om lag 30%. Prosjektet er berekna til om lag 135 timar.

Kontrollsjefen tek ansvaret med å skrive plan for forvaltningsrevisjon, som vert utarbeidd på bakgrunn av risiko og vesentlegheit i den overordna analysen. I tillegg skal kontrollsjefen vere ansvarleg for innhenting av dokumentasjon, vere med på dokumentanalyse og utarbeiding av analysedokumentet. Prosessmøta i kontrollutvalet vert gjennomført av Deloitte og kontrollsjefen. Dei øvrige oppgåvene som spørjeundersøking, intervju og prosjektadministrasjon vert utført av Deloitte.

I bestillinga var det stipulert eit timetal på om lag 70 frå Deloitte til dette arbeidet. Det vil gå med noko meir tid då synergieffekten ved å gjennomføre overordna analyse for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll ikkje tilstrekkeleg var justert for i utrekninga i samband med bestillinga.

## **3. Konklusjon**

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å godkjenne prosjektplanen slik den ligg føre, og be revisor om å gjennomføre analysen i samsvar med prosjektplanen og ferdigstille prosjektet innan utgangen av juni 2016.